



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1

Dykkar ref:

Vår ref.:

2019/14373

Arkivnr.:

Dato:

10.07.2019

Lisensjakt på jerv og ulv 2019 - 2020. Vedtak 2.07.2019.

Til stades frå nemnda: Aleksander Øren Heen, Gunvor Birkeland, Helen Hjertaas og Arne Bergsvåg, varamedlem for Rogaland. Helge Nævdal og Aase Simonsen hadde forfall.

Saksframlegg ligg i protokollen frå møtet.

Sak 06/19: Lisensjakt jerv og ulv 2019 – 2020.

Lisensjakt jerv 2019 – 2020. Samrøystes vedteke med endringar av tekst i strekpunkt under pkt. 2.

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2019 – 15.02.2020. Til saman kan det fellast 8 jervar i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og Statens naturoppsyn. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, Statens naturoppsyn og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

- Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelser for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

Postadresse:

Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Leiar for rovviltnemnda:

Aleksander Øren Heen
Naddvik, 6885 Årdalstangen
Telefon: 91134842

Sakshandsamar:

Hermund Mjelstad
Telefon 57643124

aleksander.heen@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/vl>

fmsfhm@fylkesmannen.no

- *Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Fylkesmannen.*

- *Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve fra jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.*

- *Fylkesmennene administrerer lisensfellinga*

Sak 06/19: Lisensjakt jerv og ulv 2019 – 2020.

Lisensjakt ulv 2019 – 2020. Samrøystes vedteke med endringar av tekst i strekpunkt under pkt. 2.

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av ulv i perioden 01.12.2019 – 31.05.2020. Til saman kan det fellast 3 ulv i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og Statens naturoppsyn. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på ulv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, Statens naturoppsyn og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

- Rifle er tillatt ved lisensfelling på ulv. Sjå elles viltlova sine bestemmelser for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

- Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve fra jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

-Fylkesmennene administrerer lisensfellinga.

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klaga skal handsamast av Klima- og miljødepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

Med helsing

Aleksander Øren Heen

Leiar

Rovviltnemnda region 1

Tlf.:91134842



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikke underskrift

Kopi pr. e-post:

Naturvern forbunda i fylka i Region 1
Foreningen våre rovdyr
WWF Norge
Norges Miljøvern forbund
NOAH- for dyrs rettigheter
Statens Naturopsyn Hordaland og Sogn og Fjordane
Statens Naturopsyn Rogaland og Vest-Agder
Rovviltnemnda region 1
Fylkesmennene i Region 1
Klima- og miljødepartementet
Miljødirektoratet
Mattilsynet region sør og vest
Sogn og Fjordane Bondelag
Sogn og Fjordane sau- og geit
Vest-Agder sau- og geit
Agder Bondelag
Rogaland sau- og geit
Rogaland Bondelag
Hordaland sau- og geit
Hordland Bondelag